

Årsmelding 2016 Handballgruppa

Styret i handballgruppa 2016:

- Oddmund L. Hoel (leiar)
- Jorunn Skålvik (kiosk, innkjøp)
- John Oddvar Vinda (hall/utstyr, dommarar)
- Tone Kristin Thomassen (lisens, medlemslister, minihandball)

Handballgruppa tel sesongen 2016/17 103 spelarar og 23 trenarar og lagleiarar.

Aktiviteten i laga

I sesongen 2016/17 er sju lag med på ordinært seriespel – det same som i 2015/16. I tillegg er G9 og J9 med på minihandballturneringar.

I aldersbestemte klassar stiller Bjørn denne sesongen jentelag i J14, J13, J11 (2 lag) og J10, og gutelag i G12 og G10. J9 og G9 har stilt to lag kvar på minihandballturneringane.

Kvinner senior spelar i 4. divisjon sesongen 2016/17 slik dei har gjort dei to førre sesongane etter at det igjen lukkast å stille lag. Etter oppturen i 15/16-sesongen gjorde trenarmangel at det ei stund såg mørkt ut for damelaget. Det viste seg likevel å vere nok spelarar til å gå i gang med sesongen, og etter at det kom på plass trenar og lagleiar har laget hatt ei fin utvikling med mykje positiv merksemd. Det er ein viktig motivasjon for jentene i aldersbestemte klassar at damelaget finst, og dei aktive spelarane over J14 er med på damelaget.

J14 og J13 deltok på Nordfjord cup i april 2016 i tillegg til seriespel. Alle jenter frå 9 år og oppover har hatt eit handballtilbod i Bjørn sjølv om det manglar lag i nokre årsklassar.

For gutane har det vore tilbod i Bjørn frå 9 til 12 år, og 13-åringar kunne ha vore med på dispensasjon. Det var ikkje nok spelarar til å stille G15- eller G16-lag, men tre av gutane har gått over til Sogndal.

Både for jenter og gutter er det viktig og naudsynt å kunne slå saman årsklassar for å få nok spelarar til å stille lag, og det går greitt å få aldersdispensasjoner frå Region Vest. Lag med få spelarar (som J9/G9) har òg hatt felles treningar.

I sesongen 2015/16 var det tre minihandballturneringar for J9/G9, i 2016/17 er det fire, og både sesongar har ei av turneringane vore i Gaupne. Nytt denne sesongen er at Region Vest har teke hand om påmelding og kampoppsett.

Dei fleste laga kom i gang med treningane kring haustferien, dei eldste laga tidlegare, og dei fleste trenar til sesongslutt i månadsskiftet mars/april, dei eldste laga også lenger enn dette.

Somme av laga har mange spelarar som spelar fotball medan andre lag har lite overlapp, ned mot berre to spelarar. På desse årskulla er handballen særleg viktig som idrettstilbod for born og ungdom.

Spelarane kjem særleg frå skulekrinsane Gaupne, Luster, Indre Hafslo, Jostedalen og Skjolden. Det er få spelarar frå Hafslo unntake Indre Hafslo.



Laga melder jamt over om godt oppmøte på treningane, ivrige spelarar og fine opplevingar på kampdagane, same kva resultatet måtte bli.

Trenrarar, lagleiarar og dommarar

Det gjekk greitt å få på plass trenrarar og lagleiarar før sesongen, og alle aldersbestemte lag unnateke eitt har foreldre som trenrarar. Det er eit mål å få ungdomane som spelar eller har spela handball til å ta på seg trenaroppdrag.

Bjørn har to aktive dommarar (Per Reidar Svangstu og Asbjørn Håre). Tre 15-åringar med Bjørn-bakgrunn på Sogndal G16, sju spelarar på Bjørn J14 og ein spelar på G12 har gjennomført barnekampleiarkurs og har fått prøve seg som dommarar på dei yngste aldersklassane. Det er eit mål å få flest mogleg til å ta dommar 1-kurs når dei er gamle nok (16 år).

Hall og utstyr

Før sesongen 2016/17 fekk idrettsrådet raskt og greitt på plass treningstidene for hallen, noko handballgruppa er særslig nøgd med. I all hovudsak har handballen fått dei treningstidene laga ynskte seg, noko som er viktig for å hindre fråfall av spelarar og trenrarar.

Eldsjeler i handballgruppa (Per Rune Joranger og John Oddvar Vinda) sytte før sesongen for å få kjøpt inn og montert ny klokke og tavle i idrettshallen – det var heilt naudsynt for ei smertefri kampavvikling. Dei sytte òg for ei skikkeleg opprydding i hallen med meir ordna lagringsplass for utstyr. Handballgruppa har tilbode opplæring i tidsaking/sekretariatsarbeid til foreldre.

Handballgruppa ser elles fram til at oppussinga av hallen kjem i gang og er særleg oppteken av nytt golvdekke og betre lys.

Drift av gruppa

Det har vore to trenar-/lagleiarmøte i arbeidsåret. Gruppestyret har hatt to vanlege møte og elles ordna det meste gjennom kontakt på e-post/telefon/facebook og ved at kvar og ein tek ansvar for sine arbeidsoppgåver.

Handballgruppa møter på regointinget i mai og prøver å møte på andre samlingar som Region Vest skipar til. Gruppa har god kontakt med dei andre klubbane i Sogn, særleg Sogndal.

Den viktigaste informasjonskanalen internt i gruppa er facebook. Alle lag har sine eigne fb-grupper, og i tillegg har gruppestyret oppretta lukka grupper for lagleiarar/trenrarar, dommarar og seg sjølv. Den viktigaste eksterne informasjonskanalen er den opne gruppa «IL Bjørn handball». Det har elles vore fleire fine oppslag i Sogn Avis om handballen i Bjørn, både om damelaget og minihandballturneringa.

Jostedalen, 26. februar 2017.

Oddmund L. Hoel

Leiar i handballgruppa